



SULA KOMMUNE

Reglement for bruk av gymsalar/hallar i Sula kommune – gjeldande frå våren 2022

For alle som oppheldt seg i gymsalar og hallane gjeld reglar om alminneleg god oppførsel og orden. Dette vil gje betre trivsel for alle, skape gode helsemessige tilhøve og hindre unødig slitasje på bygning og inventar.

Def.: "Leigetakar", er ansvarleg person som er oppsett på trening, kamp, kurs, skuletime eller arrangement. Ansvarleg person skal vere **over 18 år**.

Tildeling av bruk

1) Tildeling av bruk skjer slik:

- a) Faste treningstider i sesongen august – juni, (20. august - 20. juni i hallane og 1.september - 1. juni i gymsalane) blir kunngjort av servicetorget. Sula kommune gjer eit administrativt vedtak med bakgrunn i Sula idrettsråd sitt forslag på tildeling av treningstider.
- b) Tildelinga blir gjort på bakgrunn av søknad etter følgjande reglement:
 - Søkjarar frå Sula skal ha høgre prioritet enn søkjarar frå andre kommunar.
 - Treningstid i hallane blir som hovudregel tildelt tradisjonelle hallidrettar i Sula som er tilslutta NIF, og har eit terminfesta program for hallrelaterte idrettar. I gymsalane og andre bruksrom blir barn/unge og skule/musikkorps prioritert.
 - Søkjarane som driv ein aktivitet som vanskeleg kan utførast utandørs eller i andre treningslokale (t.d. ved skulane), skal prioriterast i hallane.
- c) Handballforbundet melder frå til servicetorget om terminfastsette kampar.
- d) Desse kampane og arrangementa blir prioriterte framfor andre arrangement dersom det er samanfallande tidspunkt. For andre arrangement er søknadsfristen 1. mai. Fast treningstid må vike for arrangement.
- e) Enkeltarrangement som ikkje går inn under punkt b) ovanfor, blir å legge fram for saksbehandlar.

2) **Prioritert rekkefølge ved tildeling av faste treningstider:**

- a) Søkjarar med nedsett funksjonsevne skal vurderast først, og som regel bli tildelt den tid dei søkjar på. Det er ein føresetnad at det er ei hovudvekt av utøvarar som tilhøyrar Sula kommune. **Ein bør unngå å gje vaksne treningstid i barn og unge si kjernetid.**
- b) Tradisjonelle hallidrettar blir hovudsakleg prioritert frå 9 år og oppover.
- c) Barn under 9 år kan i nokre tilfelle bli prioritert, der det ikkje er høve til å bruke gymsal.

2.2 SOLEVÅGSHALLEN, RØRSTADMARKAHALLEN OG SULAHALLEN:

- **Prioritering:**

- Søkjarar mellom 9-18 år som driv idrett
- Søkjarar over 18 år som driv idrett
- Andre søkjarar

Søkjarar med gruppe på 10 deltakara eller mindre MÅ dele hall, gruppe med 11-14 deltakarar må rekne med å dele hall.

Dersom det er mogleg, kan delt flate delast med søkjarar frå same organisasjon.

2.3 GYMSALAR OG ANDRE BRUKSRØM:

Barn og unge under 18 år har prioritet

- **Prioritering:**

- Søkjarar mellom 8-16 år som driv idrett
- Skule/musikkorps
- Andre søkjarar

Administrative vedtak og tildeling vert ikkje rekna som enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Ingen klagerett.

Bruksreglar

1. Leigetakar er ansvarleg for utøvarane sine i den tildelte treningstida/leigetida og skal sørge for at gymssalen/hallen sitt reglement vert følgd.
2. All skifting skal gå føre seg i gardrobane. Verdisaker bør av tryggleiksmessige grunnar takast med inn i gymsalen/hallen.
3. Når treningstida er slutt, skal lag/støtteapparat gå til gardrobane og ikkje opphalde seg i gymsalen/hallen.
4. Leigetakar må respektere andre si treningstid. Det er ikkje tilgang til gymsalen/hallen før eiga treningstid begynner.
5. Leigetakar skal sjå til at det er rydda i gymsalen/hallen og gardrobane.
- 6. Bruk av klister – sjå eige reglement**

7. Utstyr skal brukast med varsemd. Etter bruk skal materiell og utstyr setjast tilbake på rett plass.
8. For motorisert utstyr er det eigen instruks i gymsalen/hallen.
9. Dersom det skal vere anna aktivitet enn avtalt, eller at treningstider blir bytta innbyrdes, skal servicetorget i kommunen varslast.
10. Det er ikkje tillat å røyke, bruke snus og drikke alkohol eller bruke andre rusmidlar i noko rom i gymsalane/hallane og uteområda.
11. Dyr, med unntak av førarhund, har ikkje tilgang til gymsalane/hallane.
12. Bruk av sykkel, rulleskøyter, rullebrett o.l, og bruk av ball i korridorar og garderobar er ikkje tillat gymsalane/hallane.
13. Utesko er forbode på gym/hallgolvet. Det må berre brukast reint fottøy som ikkje set merke.
14. Gymsalane kan berre nyttast på skuledagar iht. skuleruta. Halanne kan ikkje nyttast på raude dagar.

Ansvar

1. Utover alminneleg erstatningsrettsleg ansvar er Sula kommune utan ansvar for ulykke eller skade på personar eller eigedom, tap av private effektar, verdisaker o.l i forbindelse med utleige.
2. Vi oppmodar føresette/leigetakarar som har med barn i gymsalane/hallane, om å ikkje la dei springe rundt utan tilsyn. Det er teknisk utstyr som barna kan skade seg på. Under vaksne si trening må barn opphalde seg på tribune eller på galleri.
3. Det er ikkje tillate for barn som ikkje deltek i organisert aktivitet, å opphalde seg i treningsfeltet.
4. Leigetakar må sørge for å ha kompetanse innan **førstehjelp**, og ha med seg naudsynt førstehjelpsutstyr, og orientere seg om brannforskrift og naudutgangar.
5. Leigetakar er **økonomisk ansvarleg** for utstyr som forsvinn og skade på utstyr og innbu som ikkje kan reknast som slitasje eller hendig uhell.
6. Det skal straks meldast frå om skadar eller uregelmessigheiter til vaktmeister/ driftssjef, eventuelt servicetorget i kommunen.
- 7. Ved mangelfull opprydding må leigetakar betale ekstra reinhald.**
8. Leigetakar er økonomisk ansvarleg for utrykkingsgebyr i samband med uvarsam eller forsetteleg utløysning av brannalarm/innbrotsalarm.
9. Attgløymde klede/utstyr vert i januar og juni månad kasta eller gitt til ein veldedig organisasjon.
10. Ved sesongslutt skal nøklane leverast inn der dei vart kvittert ut. Du er sjølv ansvarleg for nøkkelen du får kvittert ut, lån **aldri** ut nøkkelen til andre.
11. Leiar for kvart lag/organisasjon er plikta til å vidareformidle reglementet til instruktør.

Arrangement

1. For kvart arrangement skal det sendast søknad til Sula kommune v/servicetorget. Unntaket er for terminfesta kampar via handballforbundet.

2. Skulane disponerer gymsalane/hallane i tidsrommet 08.00 til 16.30 (15.30 Sulahallen) på kvardagar. Bruk av lokale til andre føremål enn idrettslege aktiviteter, er berre aktuelt etter spesiell søknad og vurdering.
3. Ved arrangement må leigetakar sjølv sørge for naudsynt vakthald, også på parkeringsplass (uteareal).
4. Vaktpersonaletv(over 18 år) må vere godt kjende med branninstruks, rømmingsvegar og kvar sløkkeutstyret er plassert.
5. Eventuell reklame i forbindelse med arrangement skal avklarast med driftssjef i PBD-avdelinga.
6. Ved arrangement som medfører behov for ekstra søppelcontainer, må arrangøren gjere avtale med kommunen.
7. Alle leigde lokale skal ryddast og tømmast for boss. Utstyr og inventar skal setjast på plass. Alt lys skal sløkkjast og dører skal låsast.
8. Ved eiga kioskdrift under arrangement skal kjøkken og det tilhøyrande arealet i hallen reingjerast med vatn og såpemiddel. Om det berre er hallen som blir brukt skal også den reingjerast.

Langevåg 9.3.2022

Anne Lise Engkrog Salen
Fagleiar, servicekontoret

John - Magne Eikrem
Driftsleiar, Eigedom



SULA KOMMUNE




Reglar for bruk av klister i Sulahallen, Rørstadmarkahallen og Solevågshallen

1. Det er berre lovleg å bruke klister frå og med G/J 16 år og oppover
2. Berre "AssistSport – natur" handballklister på boks eller klisterspray er lovleg å bruke i Solevågshallen, Rørstadmarahallen og Sulahallen.
3. Alle typar klister der ordet "harpiks" er nemnt, er ikkje lovleg å bruke
4. Klisteret skal ikkje takast på i garderoben! Alt klister skal takast på/av ved tilviste plassar. Gjer alt du kan for å unngå at det vert klister i garderobar, på rekkverk, veggjar o.l
5. Det er forbode med klister på sko. Dette fører berre til klasar på golvet!
6. Tilby bortelag som har feil klister, lovleg klister.
7. Det er leiar (trenar/oppmann) for kvart enkelt lag som har ansvar for klisteret, og dermed også ansvar for styring og avgrensing av dette.

Dersom reglane for bruk av klister ikkje vert følgd, vil det bli kravd eit reingjeringsgebyr på kr. 1200,- pr. gong og lag kan verte utestengd frå trening!

Det er unødvendig med for mykje klister. Ikkje ta på for mykje – ta heller fleire gongar

Følgjande produkt er godkjende for bruk:

	Klusterspray - artnr: 06105001 -150ml Handballklusterspray som gir godt grep om ballen.
	Natur Håndballklister - artnr: 061.051.81-500ml Effektivt håndballklister som er lett å vaske bort frå golv og hallar. Er lett å fjerne frå hendene med handballens
	Klister RENS pumpe 500 ml - artnr : 061.051.65

Langevåg, 9.3.2022

Anne Lise Engkrog Salen

Fagleiar, servicekontoret

John - Magne Eikrem

Driftsleiar, Eigedom